



Foresette i dei kommunale barnehagane i Klepp

Saksnr
19/638-358

Løpenr
16728/20

Arkivkode
A10

Avd/Sek/Saksh
OPP/OPP/KRA4

Dykkar ref

FORELDREBETALING BARNEHAGANE FRÅ AUGUST 2020

	60 % - 3 dagar	80% - 4 dagar	100 % - 5 dagar
Opphald	Kr. 2.434	Kr. 2.948	Kr 3.448
Matpengar	Kr. 195	Kr. 260	Kr. 325

Makspris fastsett av Stortinget, er kr. 34.485 pr. år. Dette er i Klepp kommune fordelt på betaling i 10 månader, slik at juli og august vert betalingsfrie månader.

MODERASJONSORDNING

For alle

Foreldre skal ikkje betala meir enn maksprisen for ein barnehageplass, og maks 6 % av husstanden si samla inntekt. Husstandar med samla årleg inntekt under **kr 574.750** har rett til redusert foreldrebetaling. Søknaden gjeld for eit barnehageår, og det må søkast på nytt kvart år. Det gjeld både kommunale og private barnehagar.

For søsken:

Dersom du har meir enn eitt barn i barnehage i same kommune, skal du ha reduksjon i foreldrebetalinga. Dette gjeld sjølv om barna går i ulike barnehagar. Reduksjonen for det andre barnet er 30 prosent, og for det tredje barnet og oppover er det 50 prosent reduksjon i foreldrebetalinga.

For 2, 3, 4 og 5 åringar

Barn født i 2015-2018 og barn med utsett skulestart har rett til 20 timar gratis opphald pr.veke. Dette gjeld for familiar/ hushaldningar som har ei samla inntekt på mindre enn **kr. 566.100**.

Korleis får du lågare foreldrebetaling:

For å få innvilga redusert foreldrebetaling for barnehageåret 2020/2021 må det sendast inn søknad om redusert foreldrebetaling. Skjema finn du på Klepp kommune si heimeside.

Dokumentasjon:

Skatteoppgjer for 2019 må sendast inn som dokumentasjon på inntekt.

Dersom inntekta er vesentleg redusert frå forrige års skatteoppgjer må det i tillegg leggst med dokumentasjon som bekrefter dette.

For næringsdrivande må utskrift av likning leggst ved søknad som dokumentasjon.

Søknadsfrist 2020/2021

For å få redusert foreldrebetaling f.o.m. september, må søknad leverast innan 10. august.



Søknader om redusert foreldrebetaling som blir levert i løpet av barnehageåret, vil ein som hovudregel kun få redusert foreldrebetaling for etterfølgande månader.

Klepp kommune, 28.05.2020

Alvhild Aksnes
barnehagesjef

Kate Eiken Ravndal
saksbehandlar

Dokumentet er elektronisk godkjent og treng derfor ingen signatur.

Kopi til:
Kommunale barnehagene i Klepp